

PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 25. januar 2008 kl 1330 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Stadfesting av tidlegare vedtak
4. Endringar i vedtektene § 8, jf. vedtektene § 18 og Lov om helseforetak § 12
5. Val av nytt styre, jf. Lov om helseforetak § 21
6. Styregodtgjering for styremedlemmer og varamedlemmer

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad

Frå styret møtte:

Styreleiar Oddvard Nilsen
Gunnvor A. Sunde
Gunnar Berge
Helge Espelid
Aslaug Husa

Frå administrasjonen møtte:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge Bryne

Også til stades:

Statssekretær Rigmor Aasrud
Ekspedisjonssjef Per Bleikelia
Avdelingsdirektør Frode Myrvold
Avdelingsdirektør Mette Bakkeli
Avdelingsdirektør Cathrine Meland
Seniorrådgjevar Nina Husom
Seniorrådgjevar Torhild Weium
Seniorrådgjevar Kai R. Furberg

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møtte ved Kristin Madsen.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad ønske, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Ho spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og avdelingsdirektør Frode Myrvold vart valde til å underskrive protokollen.

Helse- og omsorgsministeren overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Stadfesting av tidlegare vedtak

Etter etablert praksis skal vedtak som er fatta i telefonmøte bli stadfesta i første ordinære føretaksmøte. Det vart halde føretaksmøte i Helse Vest RHF 3. desember 2007. Saken gjaldt oppretthalding av base for ambulansefly i Brønnøysund.

Føretaksmøtet vedtok:

Vedtak som er fatta av selskapsmøtet for Helseforetakenes Nasjonale Luftambulansetjeneste ANS, blir omgjort, slik at det blir halde oppe base for ambulansefly i Brønnøysund også etter 1. juli 2009.

Sak 4: Endringar i vedtektene § 8, jf vedtektene § 18 og Lov om helseforetak § 12

Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for endringane i vedtektene § 8 Styrende organer.

Føretaksmøtet vedtok:

§ 8 Styrende organer

*I første ledd blir andre setning endra til: "Styret skal ha **inntil tretten** medlemmer." Tredje setning blir endra til: "**Inntil ni** medlemmer oppnevnes av føretaksmøtet."*

*I andre ledd blir første setning endra til: "I tillegg velger de ansatte **tre til fire** styremedlemmer og varamedlemmer." Talet på medlemmer som skal velgast av og blant dei tilsette, følgjer av § 22 i lov om helseforetak.*

Vedtektene § 8 blir etter dette:

Helse Vest RHF ledes av et styre. Styret skal ha inntil tretten medlemmer. "Inntil ni medlemmer oppnevnes av føretaksmøtet. Føretaksmøtet velger leder og nestleder.

I tillegg velger de ansatte tre til fire styremedlemmer med varamedlemmer. Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettstvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.

Den daglige ledelsen av Helse Vest RHF utøves av den styret ansetter.

Sak 5: Val av nytt styre, jf Lov om helseforetak § 21

Etter Lov om helseforetak § 24 blir styremedlemmene valde for to år. Sitjande styremedlemmer ble valde for perioden frå 24. januar 2006 til det vert halde føretaksmøte i januar 2008.

Det ble vist til føretaksmøte 24. januar 2006 da det med bakgrunn i Soria Moria-plattformen vart vedteke at eit fleirtal av styremedlemmer som er valde av eigar, framover skal veljast blant føreslåtte folkevalde på kommune- og fylkesnivå. Styremedlemmene blir valde i samsvar med Lov om helseforetak § 21, tredje ledd.

Helse- og omsorgsministeren gjorde greie for gjennomført prosess og forslaget frå eigar til val av nytt styre.

Føretaksmøtet vedtok:

For perioden frå 25. januar 2008 til det vert halde føretaksmøte i januar 2010 blir følgjande personar valde til styret for Helse Vest RHF:

*Oddvard Nilsen
Kari Oftedal Lima
Gunnar Berge*

Ohene Aboagye
Nils P. Støyva
Gisle Handeland
Gerd Dvergsdal
Torill Selsvold Nyborg
Gro Skartveit

Føretaksmøtet har vald Oddvard Nilsen som styreleiar og Kari Oftedal Lima som nestleiar.

Sak 6: Styregodtgjering for styremedlemmer og varamedlemmer

Styrehonorara ble regulert i føretaksmøte i februar 2007 og gjaldt frå og med 2007. Styregodtgjeringa blir vidareført uendra.

Føretaksmøtet vedtok:

Årleg styregodtgjering blir uendra i høve til fastsett nivå frå og med 2007:


Styreleiar: kr 200 000,-
Nestleiar: kr 141 000,-
Styremedlemmer: kr 103 000,-

Varamedlemmer (for tilsettere representantar) får ei godtgjering per møte på kr 3 900,-.

Møtet vart heva kl 13.45

Oslo, 25. januar 2008


Frode Myrvold


Oddvard Nilsen